

Meland kommune
Havnevegen 43
5918 Frekhaug

Dykkar ref.:

Vår ref.:ard11041

Bergen: 3.05.16

Side | 1

OPPDATERERT INNSENDING AV FRAMLEGG TIL DETALJREGULERINGSPLAN FOR DANIELSEN SKULE. PLANID: 1256 2011 0005 ARKIVID ER 11/143.

Etter ny tilbakemelding datert 12.11.15 har vi no endra materialet.

Oversikt over vår uttale på innkomne korreksjonar ligg ved i oppdatert merknadsskjema.

På neste side i dette brevet ligg våre kommentarar som svar på mottatt skriv med korreksjonar datert 12.11.15 frå Meland kommune. Her seier vi noko om kva som er utført med planframlegget.

Vi vonar at planen no er klar for andre gongs handsaming med vedtak i kommunestyret.

I møtet den 3.06.15 vart det ytra ønske frå kommunen si side om eit innleveringsmøte av oppdatert materiell. Vi stillar gjerne på eit slikt møte saman med representant frå tiltakshavar.

Tiltakshavar er:

Nordhordland Indremisjon,
Holtermandsvegen 2
5918 FREKHAUG

Planområdet er på 32 daa

Vennleg helsing



.....
Kari Johannesen

Adm. /samfunnsplanlegger
Tlf: 958 32 614/55 31 95 00
E-post: kj@ardarealplan.no

Vedlegg:

Oppdatert planskildring, plankart (med SOSI) og planføresegner. Planføresegner i begge filformat.
Oppdatert merknadsskjema over fråsegn etter offentleg ettersyn etterfølgd av oversikt over endringar som er utført i planføresegner og plankart.

Våre kommentarar som svar på mottatt skriv med korreksjonar datert 12.11.15 frå Meland kommune - sjå neste side

Kommentarar som svar på mottatt skriv med korreksjonar datert 12.11.15 frå Meland kommune etter gjennomgang av aktuelle dokumenter:

Innleiingsvis vil vi halde fram med å sei at vi ikkje er imot å ha innleveringsmøte med kommunen.

Det ligg ikkje føre ein endeleg fasit for korleis eit planarbeid kan/skal sjå ut. Ulike svar og ulike løysingar vert valt og kan nyttast innanfor det lovverk som fins. Under vonar vi at vi svarar tilstrekkeleg på dei val som er gjort.

Side | 2

Plankartet.

1. Regulerte eigedomsgrenser er ikkje med i teiknforklaring da det ikkje finst i plankartet.
2. Symbol for føremålsgrænse er tatt inn i teiknforklaringa.
3. Vi ser ikkje trong for å legge inn byggegrense mellom FL01, BH01 og U05, men byggegrense er no regulert inn.
4. Å regulere inn støttemurar/skjeringar/fylling høyrer heime i ei prosjekteringsfase. Å skulle gå i detalj her er ikkje til føremålet. Kva som skal kome kvar og kva type mur som etablerast må takast i samband med prosjektering. §§ 2.1.1 og 2.2.1 i tillegg til 2.5.6 har omtalt murar. Som sakshandsamar opnar for lyt kommunen stille krav til byggesaka.
5. Illustrasjonsplan har ikkje vore tema tidlegare i prosessen og vi kan ikkje sjå at det skulle vere trong for ei slik plan i tillegg til dei omfattande krav som ligg i §§ 2.2.1 og 2.2.2.
6. Vår plankartkonsulent har sett over og retta i SOSI-filen.
7. Frisiktssonar for kryssing av veg vert ikkje lagt inn i plankartet då Statens vegvesen ikkje vil ha det på den måten. Dei bestemmer endeleg plassering.

Planskildring.

1. Vi beklagar at figurliste ikkje var oppdatert. Det er no ordna.
2. Figur 4 er oppdatert.
3. Punkt 5.2 er oppdatert.
4. Punkt 8.10 er oppdatert om støy. Det same er føresegner.
5. Punkt 6.1 er oppdatert om ny KPA.
6. Punkt 6.3 er oppdatert om statlege og andre retningslinjer.
7. 8.3 er endra om byggeføremål.
8. 8.6 om vegetasjonsskjerm er tatt inn.
9. Kryssing av vegen og framtidig forgjengarfelt er omtalt i 8.7. Plassering vert endeleg avgjort av SVV.
10. 8.8 - her viser vi til punkt 2 over.
11. Vegnorm er omtalt i § 2.5.6.
12. 8.12 er oppdatert. Det er tilstrekkeleg plass både til trafokiosk og avfallshandtering.
13. Støy i området er godt ivareteke i planskildring og ikkje minst i føresegner §§ 2.2.5, 2.4.7, 3.1.4 og 3.1.5.
14. Sykkelparkering er omtalt og sett inn i §§ 2.2.2, 2.4.10, 2.5.9, 3.1.4 og 3.2.6. Her har ein sagt noko om storleik og utforming på sykkelparkeringsplassen og plassering.

Planføresegner.

Desse er noko omarbeidd av sakshandsamar i Meland kommune. Vi har i store trekk fylgt det arbeidet som var gjort. Retta opp i skrivefeil og anna som vi meiner er rett. Litt mange føresegner som omtalar det same, noko som vil skape meirarbeid ved realisering av plan.